

# Raudbetesuppe

**Utstillinga i  
Unge Kunsteres  
Samfunn i Oslo  
er inga vanleg  
sovjetisk  
«suppe».**


Det er ein konfrontasjon mellom viktige avant-gardistiske trekk innan fotografi, biletkunst og kunsthandverk, levert av seks sovjetiske, tre svenske og ein «norsk» eksilrussare.

Det er nett eksilrussaren, Galina Manikova, som har tatt initiativet til utstillinga, som ber namnet «Borsj», etter den vidgjetne ukrainske raudbete-suppa. Veggar, rom og tak er fulle av utfordrande og særeigne fotografi, måleri, karikaturteikningar og installasjoner.

## Galina Manikova

— Eg kjenner det ofte slik at eg lever i eit kulturelt vakuum i Noreg, seier Galina Manikova. — Her må ein hyle og skrike for å få respons, analyse eller kritikk. Etter tjue års utdanning og undervisning endar eg opp med å vaske golv!

Galina Manikova er fødd på



Dei går til botns i fotospråket. Her i vest dominerer teknikken, og fotografia fangar ofte ikkje livet, seier Galina Manikova. I Krypten heng ti måleri av Aleksandr Sokolov. Han tilhører den «Nye Moskvaskulen» av unge målarar som har blitt svært populære mellom anna i Tyskland. Han viser ein serie han har kalla «Countdown» («Nedtelling»). Måleria kan minne om europeisk avantgarde frå 20-30-åra. Det er ofte collagar og tredimensjonale billete.

— Måleria mine er eit forsøk på å analysere grensetilstandar mellom aust og vest, fortid og notid, notid og framtid, liv og død, død og liv. Det vi opplever no i Sovjetunionen, er det fjerde rikets fall, seier Sokolov, som ikkje lengtar heim. Dei 1 x 1,5 meter store måleria hans ber preg av konfrontasjon og skjemtande ironi om einannan, eit språk aust-europear synest å vere fødde med. Han brukar sterke fargar og enkel symbolikk. Til dømes i måleriet han har kalla «Den russiske gaffelen», der han har montert opp piggar med lærkleddle flasker dinglante ut i romet. Som eit lite apropos til det internasjonale keramikk-symposiet i Oslo har Manikova invitert Elena Belous, som lagar skulpturar i porselet. Små og litt større figurar over forskjellige kvinne- og kristus-tema. Ho parodierer sosialrealismen som kunstnarane i Sovjetunionen har vore tvunne til å leve si-

## FILM guide

### ■ Drømmer

I åtte korte og klart atskilt historier forteller den japanske filmmesteren Akira Kurosawa noe om sine drømme – både om det som har skjedd og om framtida.

### ■ Hvit jeger, sort hjerte

Clint Eastwoods film om inspillinga av John Hustons klassiske film «Afrikadronningen» i 1951. Eastwood også regi og produksjon, filmen er en nedtur etter sessen med «Bird» om Charlie Parker.

### ■ Internt oppgjør

Påstander om politivold og andre misligheter innafor det amerikanske politiet skal undersøkes av en konstabel (Richard Gere) som sjøl og ofte involvert. Derved blir søker set retta mot et gjennomkupert politimiljø.

### ■ Alt er mulig

Mannen bak bl.a. «Norma Rae» forteller denne gangen ei bittersøt men noe slapt og digert kjærlighetshistorie om enka (Jane Fonda) som jobber på kakefabrikk og møter kokken på samme sted (Robert de Niro). Det viser seg han verken kan lese eller sve og hun bestemmer seg å hjelpe.

I Israel, no busett i Noreg. Manikova stiller sjølv ut på loftet i UKS. Ho har laga ein installasjon ho har kalla «Landskap» – indre og ytre. Bilete av sjølve utstillingslokalet er montert inn i den eksisterande arkitekturen i romet. Desse er igjen konfrontert med forstørra fotografi av kvinnekroppen i form av topografiske landskap. Manikova er opptatt av den symboliske ladninga som oppstår gjennom slike samanstillingar – via eit vindauge på sjela, som ho seier. Teknikkane er ukonvensjonelle. Ho eksperimenterer med mellom anna porselenspapir ho har laga sjølv, og overføringer av foto til plexiglas.

## 18 år i vest

– Etter å ha levd 18 år i vest, har eg framleis vanskar med å bli forstått. Sjalusi, misunning, ignorering og refusering har vore kvardag for meg. Når eg viser rompa i eit sjølyportrett, tek ikkje folk meldinga. Når eg for fyrste gong såg fotografia til desse fotografane frå Kharkov, gjekk det kaldt nedover ryggen på meg. Dei driv på med det same som eg. Vi har det same språket, trass i at eg ikkje har budd i Sovjetunionen på atten år. Difor har eg invitert dei hit, eg vil vise mine ting samanstilte med deira arbeid.

– Desse fotografane kan ikkje konkurrere med vestlege fotografar i perfeksjonisme. Til det er arbeidsprosessane for ulike. I Noreg må ein ambisiøs fotograf ha mobiltelefon og personsøkar og utstyr for tussenvis av kroner. Boris Mikhailov arbeidde i tretti år utan at nokon såg det han laga. Eg er svært fascinert av desse fotografane, dei har ei utruleg forståing for biletet.



«Nedtelling» av A. Sokolov.

## Ukrainske foto

I fyrste etasje er dei to største roma fylde med fotografi av Mikhail Pedan, Boris Mikhailov og Roman Pjatkovka. Dei kjem frå byen Kharkov i Ukraina, som har utvikla ei eiga retning innan fotografi i Sovjetunionen. Dei arbeidde alle tre i det dulgde før perestrojka, men er i dag offentleg kjende namn i Sovjetunionen, og har hatt fleire utstillingar rundt om i Europa. Dei viser fotografi som dei har hatt få høye til å stille ut i heimlandet, men som dei har vist fram til kvarandre i private husverd-utstillingar eller ved private samkommer fotografar imellom.

Til no har det offisielle sovjetiske fotografiets først og fremst dokumentert sosialismens prestasjoner eller vore spreidd innan amatørfotografiets pynta salongstil og tekniske triks. Den finske fotografen Eerikainen skriv i boka «Ett annorlunda sett att se», at dette er fotograf som vil tillate seg å vere ærlige, truverdige, granskande, avslørande,

men og ironiske, humoristiske – og fram for alt frie.

– I Moskva er det viktig å lage strenge bilder på konstruktivistisk vis. Men Kharkov-skulen er vulgær. Vi har ikkje nokon gammal kultur, vi har ingen ting, ikkje ein gong ei elv. Alt er vulgært der, og alle som er fødde eller oppvaksne i Kharkov, er svært vulgære. Dette er ingen finkunst, i følge Mikhailov.

– Ein kan bruke kameraet som våpen, men det vil ikkje eg. Eg vil ikkje vere agrresiv. Det er ikkje snakk om livsfare

heile tida. Men alle fotografar må gjennom den prosessen det er å kaste vekk pistolen, sa Mikhailov på eit foto-seminar i Helsinki nyleg. Dei sovjetiske fotografane må slite med dårlig film, papir, kamera og alt anna utstyr. Det er vanskeleg å lage gode bilete som toler samanlikning med vestlege fotografi og maskinparken dei plar halde seg med.

## Fotografi og liv

– Men du kan ikkje seie at dei nye sovjetarane har svak puls!



Fotografi av Mikhail Pedan. Han tilhører den særeigen Kharkov-skulen innan sovjetisk fotografi.

hugger ei og med i suppa, frage Wiktorsson, Torbjörn Grundström og Rainer Tihvan. Dei har tatt oppatt gamle, i dag nessten gløymde fototeknikkar og kler forsåvidt Kharkov-fotografane godt. Vi beit oss spesielt merke i «Kukken» i glas og er værdig gullrame.

– Kommunikasjonen kan kome eit stykke på veg, men aldri lengre enn til eit visst punkt. Dette må folk forstå, seier Manikova. Til no har eg berre stilt ut i lag med norske kunstnarar, og falle tvers gjennom, fordi eg er annleis. Dette er fyrste gongen eg viser tinga mine i ein annan kulturell samanheng. Eg er spend på reaksjonane, om dei er annleis denne gongen. På same viset er det spanande for sovjetarane å prove seg i Noreg. Sjå kor langt dei kan nå. Sjølv har eg eit bein i begge kulturane – sovjetisk bakgrunn, men utdanning frå vest.

– Dei utstillingane som har vore synte av sovjetisk kunst i Noreg til no, har vore overflatiske. Det vi har fått sett, er det offisielle avant-garden, oftast organisert av sovjetiske styremakter. Eller meir spontane, tilfeldige kunstnarar. Eg synes ikkje det er rart at mange er skuffa over det som har blitt vist. Dei burde kome og sjå denne utstillinga, for dette er profesjonelle kunstnarar på eit høgt nivå, seier Manikova.

## Karikaturar

På ein kortvegg på veg til loftet heng eit tjuetal karikaturar av teiknaren Vladimir Soldatov. Friske, aktuelle påminningar om den daglege «borsjen» i Moskva – vel verdt å ta meg seg, om ein då ikkje er mett på intrykk av alt det andre.

BENTE RIISE

Parkteateret har en James Bond-kavalkade på plakaten igjen. For øyeblikket er det Roger More i «Spionen som elsket meg» og «Månerakten» som har rett til å drepe

## Vinn eller dø

Den utrolige, men sanne historia om den greske jøden Salamo Arouch som ble sendt til Auschwitz i 1943 og hans rolle som boksegladie i kampen for å overleve.

## Fiender – en kjærlighets-historie

Om den jødiske flyktninga Herman Broders og hans forhold til tre kvinner – deribla kona som han trodde døde en av konsentrasjonsleirer før han dro fra Polen til USA.

## Spilledåsen

Costa-Gavras' siste film som fikk Gullbjørnen under Berlinalen. Er den barnekjafaren i Chicago krigsforbry fra Ungarn? Jessica Lang som advokat og datter nekter å tro det.

## Kurt Olsson

Kurt Olsson, kjent for folk med svenskeantenne, har laga spillefilm etter sine suksesrike TV-serier. Gjenoppføringa av krigsfortellinger forteller hvordan Kurt ble som han ble.

## Sigøynernes t

Den jugoslaviske filmskaparen Emir Kusturicas fortelli om livet i en sigøynerghett kjøp og salg, svik og fornedrelse, tvilsomme forbindelser til underverdenen og familiesamhold.